




Avtale om interkommunalt samarbeid kring kvalifiseringsløp for fagbrev industrimekanikarfaget

mellom

**Hareid kommune, Sande kommune, Volda kommune og Ulstein
kommune**

**Avtalen gjeld utprøving av modell for opplæring i
Industrimekanikarfaget skuleåra 2019/2020 og 2020/2021 og 2021/2022**

Føremål

Føremålet med avtalen er å prøve ut tilrettelagt fagopplæring i industrimekanikarfaget for vaksne med svake språkferdigheiter og/eller stor avstand til arbeidslivet. Ein har erfart at mange har låg grunnkompetanse i etterkant av gjennomført introduksjonsprogram, og mulighetene til å gjennomføre vidaregåande opplæring er liten. Det er eit håp om at denne utprøvinga vil kunne vidareførast til andre grupper og andre fagområde på sikt. Arbeidslivet krev formalkompetanse, i mange høve fagbrev, for å komme i varige arbeidsforhold. Målet er at deltakarane gjennom prosjektet skal få fagbrev innanfor industrimekanikarfaget. Avtalen skal bidra til at fleire kjem i arbeid, og til å dekke behova for kvalifisert arbeidskraft i Møre og Romsdal.

Hovudmålgruppe for løpet er vaksne personar i introduksjonsprogrammet eller personar som nyleg har avslutta programmet.

Bakgrunn

Lokale flyktningtenester og NAV har lenge jobba med samarbeidsløysingar for kvalifisering av flykningar. Samarbeidet i denne avtalen vart mellom anna forankra i felles rådmannsmøte for rådmennene i Sjustjerna i desember 2018. Ulstein kommune har i samarbeid med dei andre kommunane i Sjustjerna søkt, og fått tilsegn om prosjektmidlar frå IMDi til prosjektet.

Samarbeid, organisering og rammer

Opplæringsløpet er treårig. Dei to første åra kombinerer ein undervisning på skule i fellesfag og programfag og praksis i bedrift. Det siste året er deltakarane ordinære lærlingar i bedrift.

Opplæringa skjer i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune, og vil vere knytt til Herøy vidaregåande skule. Maritim foreining Søre Sunnmøre (MAFOSS), har ansvar for å finne praksisplassar til deltakarane, samt å følgje opp deltakarar og praksisplassar.

Avtalen mellom kommunar på Søre-Sunnmøre, bygger på samarbeidsavtale mellom NAV Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, MAFOSS og Ulstein kommune. Ulstein kommune er vertskommune for samarbeidet om kvalifiseringsløpet.

Gjennomføring av opplæringa

- Opplæringa skal vere særskilt tilpassa vaksne etter §4A-3 i opplæringslova og følgje tilhøyrande forskrift for vurdering (kap. 4 i forskrift til opplæringslova).
- Opplæringa startar med forkurs 2. september 2019, og varar fram til avlagt fagprøve
- Opplæringsarena veksler mellom skule og praksisplass jf. modell
- Opplæringa skal følge læreplanen for teknikk og industriell produksjon på vg1 og industrimekanikarfaget på vg2
- Opplæringa skal i tillegg innehalde styrking av grunnleggjande ferdigheiter i norsk
- Det skal veljast tillitsvalt og det skal etablerast klasseråd

Ansvarsoppgåver i samarbeidet

Ulstein kommune:

- Vertskommune for prosjektet. Koordinere og legge til rette for god samhandling mellom alle kommunane som har deltakarar i prosjektet. Bidra til god informasjonsflyt mellom kommunar, vidaregåande skule, praksisplassar og deltakarar.
- Styrka opplæring i norsk, arbeidslivskunnskap, system- og kulturforståing for deltakarane.
- Delfinansiering av opplæringstilbodet i samsvar med avtale med fylkeskommunen og tildeling frå IMDi.
- Finansiering og organisering av tilrettelegging på praksisplassane i tråd med tildeling frå IMDi
- Rapportere til IMDi og sørge for at ein gjennomfører prosjektet i samsvar med søknaden til IMDi.

Hareid, Sande, Volda og Ulstein kommune:

- Kartlegge og rekruttere deltakarar og bistå ved innsøking i samarbeid med lokalt NAV-kontor
- Rettleiing og oppfølging av deltakarar undervegs i programmet saman med lokalt NAV-kontor.
- Delfinansiering av opplæringstilbodet i samsvar med denne avtalen.
- Saman med lokalt NAV-kontor bistå deltakarane knytt til spørsmål om, livsopphald, PC, skyss med meir. Deltakarar i introduksjonsprogrammet skal ha introduksjonsstønad, medan deltakarar som er ferdig i introduksjonsprogrammet kan få støtte gjennom Statens Lånekasse og individuelt vurderast i høve til tiltakspengar gjennom NAV.

Andre ansvarsområder som er regulert i avtale mellom M & R Fylkeskommune, MAFOSS, NAV M & R og Ulstein kommune:

Herøy Vidaregåande skule

- Utarbeiding av budsjett og plan for gjennomføring av opplæringa
- Bruke VIGO vaksen til inntak av deltakarar
- Gjennomføre opplæring etter læreplanane for vg1 i utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon og vg 2 i programområdet industrimekanikarfag (inkludert fellesfaga).
- Tilrettelegging av praksis i samarbeid med MAFOSS og tett oppfølging av praksis som del av faget YFF
- Læremiddel og undervisningslokale
- Rådgivingsteneste i samarbeid med NAV og kommune
- Legge til rette for å styrke ferdigheter i norsk i samarbeid med Ulstein kommune

MAFOSS

- Legge til rette for praksisplassar til alle deltakarane dei to skuleåra
- Så langt som råd er legge til rette for at alle deltakarar som er kvalifiserte til det får gjennomføre opplæringsløpet – anten gjennom læreplass etter fullført skuleløp – eller gjennom å fortsette med praksisplass på VG3-nivå- slik at dei kan framstille seg til fagprøva
- Gjennomføre praktisk opplæring på VG1 og VG2 nivå i tett samarbeid med Herøy vgs.
- Oppfølging av praksisplassar og deltakarar i praksis.

Møre og Romsdal fylkeskommune

- Inntak og godkjenning av deltakarar
- Delfinansiering av opplæringstilbodet
- Godkjenne lærekontrakt ved kursslutt

NAV Møre og Romsdal

- Delfinansiering av opplæringstilbodet
- Kontaktperson mot utdanningsavdelinga

Lokale NAV kontor

- Rekruttere og intervju motiverte deltakarar til opplæringa i samarbeid med arbeidsgivar/kommune
- Rettlegging innan NAV sitt ansvarsområde
- Finansiering: Vurdere levekostnader og tiltak for deltakarane i samarbeid med kommune
- Introduksjonsstønad og flyktningestipend er utgangspunkt for levekostnader ved kvalifisering av flyktningar. Stønadar frå NAV vert vurdert dersom ein ikkje har rett til dette, evt. i tillegg.
- Tiltaksansvarleg hjå NAV tek del i prosjektgruppe for prosjektet.

Økonomi

Prosjekttilskot frå IMDi

IMDi har gjeve støtte til prosjektet under føresetnad av at kommunane stiller med 40% eigenandel (sjå prosjektsøknad og budsjett). For 2019 har prosjektet motteke kr 800.000,- frå IMDi. IMDi har gitt skriftleg lovnad om støtte på om lag same nivå i 2020 og 2021. Prosjektmidlane vert nytta til finansiering av stillingsresurs i MAFOSS, Ulstein kommune, finansiering av opplæringsløpet og andre kostnader i prosjektet.

Kostnader for utdanningsløpet

Kostnad for opplæringsløpet i regi av Herøy vgs i industrimekanikarfaget vert fordelt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, NAV Møre og Romsdal og kommunane med deltakarar i prosjektet,

representert ved Ulstein kommune. Kvar av partane dekker kr 747.689,- totalt for begge undervisning skuleåra 2019/2020 og 2020/2021.

Tredeling av finansieringa mellom partane vil gjelde dei to første åra. Lærlingåret vert utgiftene delte mellom arbeidsgivarane (lærlingløn til sine lærlingar) og fylkeskommunen (lærlingtilskot til arbeidsgiverane).

Tilrettelegging og oppfølging i praksis i regi av Mafoss vert finansiert av prosjekttilskot frå IMDi og eigenandel frå deltakarkommunar samordna gjennom Ulstein kommune

Kostnader og praktiske ordningar for den einskilde kommune:

- Delfinansiering av kommunane sin del av kostnaden til undervisningsløpet fordelt pr deltakar i prosjektet. Ved 15 deltakarar i prosjektet vert dette maks kr 24.922,- pr deltakar pr år i to år. Noko av denne kostnaden vil verte dekkja av tilskotet frå IMDi, kor mykje er usikkert og vil vere avhengig av eigenandel frå stillingsressursar samt andre kostnader i prosjektet.
- Kommunane må betale for heile opplæringsløpet (2 år) for kvar deltakar som startar i programmet pr. 16.09.19. Dette gjeld også om deltakaren skulle slutte undervegs i opplæringsløpet.
- Ulstein kommune fakturerer kommunane med deltakarar i prosjektet, og vert fakturert tilsvarande frå Møre og Romsdal Fylkeskommune.
- Stillingsressursar i kommunen til oppfølging av deltakarane undervegs i løpet. Behov for dette vil variere individuelt. Totalt har ein rekna at det vert nytta totalt 50% stilling samla for alle kommunane med deltakarar i prosjektet. Stillingsressursen som er nytta til dette skal rapporterast til Ulstein kommune innan 15. januar, slik at den kan takast med som eigenfinansiering i prosjektrapporten til IMDi.
- Kostnader i samband med skyss for deltakarar i introduksjonsprogrammet. Dette bør samordnast med NAV.

Livsopphald for deltakarane

Livsopphald for deltakarane skal vurderast individuelt.

- Deltakarar i introduksjonsprogrammet har rett på introduksjonsstønad.
- Skulen melder opplæringa inn til Statens lånekasse for utdanning, som gjev rett til utdanningsstøtte.
- NAV må vurdere tiltakspengar for den einskilde deltakar

Atterhald


Prosjektet fordrar at IMDi tildeler tilskot i samsvar med tilskotsbrev datert 29.04.2019. I tilskotsbrevet står følgjande om tilskot for prosjektperioden:

Med forbehold om Stortingets bevilgning i statsbudsjettet, vil prosjektet bli prioritert i en treårig prosjektperiode. Det vil si at ved søknad om midler over denne ordningen i 2020 vil prosjektet bli prioritert, forutsatt at prosjektet gjennomføres etter planen og at vilkårene for tilskuddet ellers er oppfylt, at rapporter leveres innen de oppsatte fristene.


Dersom prosjektet likevel ikkje skulle bli tildelt støtte for heile prosjektperioden, må partane i prosjektet samlast for bli samde om korleis ein løyser dette.

Dette er eit pilotprosjekt, og det er mogleg at det kan dukke opp kostnader undervegs som ein ikkje kunne føresjå. Om dette skulle skje, må partane i prosjektet gå i dialog for å finne løysingar.


Stad og dato: Ulsteinvik, 3. september 2019





Stian Bjerkvik
Volda kommune



Ingeborg Bjåstad
Hareid kommune



Lars Erling Bjåstad Hovlid
Ulstein kommune



Therese Moe Øye
Sande kommune

ELIN REKDAL SKOGSTAD

Vedlegg til avtalen

- Avtale mellom NAV Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Maritim Foreining Søre-Sunnmøre og Ulstein kommune.
- Prosjektsøknad til IMDi
- Tilskotsbrev frå IMDi «Tilskudd til utvikling av kommunale integreringstiltak»